

God sesong for Hobbyklubben

07.12.2009



Bingo-engasjement i bedehuset mandag kveld: Frå venstre sit sokneprest Sven Harald Nilsen, Sondre Kjærland, Eirin K. Rørheim, Ann Lisbeth Ljosnes Moen, Ingebjørg Haugland og kyrkjelydssekretær og konfirmantlærar Oddbjørg Heimark. Eirin, Ann Lisbeth og Ingebjørg er konfirmantar. (Foto: Ola Matti Mathisen)


Hobbyklubben i Bedehuset har hatt ein svært god haustsesong med eit gjennomsnittleg besøk på over 30 opplyser leiar Tore Mathiesen.

Måndag kveld var det juleavslutning med 34 frammøtte unge og leiinga ser med optimisme fram mot 2010.



Graut er servert! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore stort engasjement i dei fem gruppene, som har dekka områda avis, bil, hobby, foto og mat.



Leiar Tore Mathiesen og bingovertinne Ellen Karin Ljosnes Moen startar bingoen i bedehuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Oddbjørg Heimark, ei av gruppeleiarane, heldt andakt under avslutninga. Ho såg fram mot gledefesten som snart kjem, men bemerka at Rosendal er ferdig med han allereie!

Etterpå var det bingo i to omgongar, avbrote av grautservering. Punktum vart sett med servering av kakemenn.

Også sokneprest Sven Harald Nilsen, som hadde møtt konfirmantane tidlegare på dagen, var med på

Hobbyklubbens opptakt til jula.